# Gustaven-boka er populær

28.07.2008




**Boka om Gustaven (Gustav Bergstø) av Olaf Agnar Gausvik er populær. No er ho for lengst utseld på alle utsalsstadene i kommunen (Sanden, bokhandelen på Husnes og butikken i Sunndal). Men det er jamnleg spørsmål etter boka. Det vesle restlageret Thor Inge Døssland hadde er også tomt.**

Dei som spør etter boka er både folk som bur her i bygdene og utflyttarar som er heimom.

Det er heldigvis framleis råd å få tak i boka dersom ein kontaktar forleggjaren. Setesdalsforlaget har ca. 100 bøker og ein kan bestilla ved å henvenda seg på mailen s.forlaget@online.no

Elles høyrer ein mykje skryt av boka. Folk som kjende Gustaven godt seier at det er tydeleg at forfattaren kjende han godt gjennom ein lang periode. Og mange set pris på at boka er lettskriven i forma – ho er rett og slett fornøyeleg lesnad.

Av Ola Matti Mathisen